



Forskrift om skulereglar for grunnskulen i Fitjar

Innhald

§ 1. Lovheimel	3
§ 2. Føremål	3
§ 3. Verkeområde.....	3
§ 4. Omsynet til eleven sitt beste og eleven sin rett til å bli høyrd	3
§ 5. Ansvar.....	4
§ 6. Reglar for orden	4
§ 7. Reglar for åtferd.....	4
§ 8. Reglar for bruk av privat mobiltelefon, smartklokkar eller anna liknande elektronisk utstyr.....	5
§ 9. Vurdering i orden og åtferd	6
§ 10. Generelt om bruk av tiltak i samband med regelbrot	6
§ 11. Tiltak som kan nyttast som reaksjon ved brot på skulereglane.....	6
§ 12. Bruk av fysisk makt for å stansa vald, slåstkamp og skadeverk	7
§ 13. Framgangsmåte ved bruk av sanksjonar etter § 11 og § 12.....	8
§ 14. Krav til dokumentasjon.....	8
§ 15. Sanksjonar og tiltak som berre kan påleggast av rektor eller fungerande rektor	9
§ 16. Nedsett karakter for ungdomsskuleelevar i orden og/eller åtferd.....	9
§ 17. Erstatningsansvar	9
§ 18. Straffbare tilhøve	9
§19. Iverksetjing.....	9

§ 1. Lovheimel

Skulereglane er heimla i LOV-2023-06-09-30¹; Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova), § 10-7.

§ 2. Føremål

Skulereglane skal gje klåre og føreseielege reglar i skulekvardagen og bidra til eit trygt og godt skulemiljø. Klåre rammer medverkar til å fremja respekt og toleranse, tryggleik, trivnad og eit godt læringsmiljø.

Skulereglane skal sikra like reglar, tiltak og sanksjonar for elevane, uavhengig av kva skule i kommunen dei er elev ved.

Reglementet skal ta vare på elevane sine rettar og plikter, så lenge dei ikkje er fastsette i lov eller på anna vis.

§ 3. Verkeområde

Skulereglane omfattar alle kommunale grunnskular i Fitjar kommune. Skulefritidsordninga (SFO) og leksehjelp er ikkje ein del av skuletida, og blir difor ikkje omfatta av skulen sitt skulereglement.

Skulereglane gjeld i skuletida. Skuletida omfattar både timar, friminutt og aktivitetar som skuleturar, leirskule og ulike tilskipingar i regi av skulen. Reglementet gjeld også på skulevegen. Skulereglane omfattar både det som skjer i det fysiske og det digitale rommet.

Hendingar utanfor skuletida som får direkte innverknad på skulekvardagen, kan omfattast av skulereglane.

§ 4. Omsynet til eleven sitt beste og eleven sin rett til å bli høyrd

Barnekonvensjonen art. 3 og art. 12, Grunnlova § 104 og forvaltningslova § 17 gir alle barn ein rett til å bli høyrd i saker som omhandlar dei og at barnet sitt beste skal vera eit grunnleggande omsyn.

Omsynet til barnet sitt beste er ein rettigheit, eit grunnleggande omsyn og en sakshandsamingsregel. Det betyr at omsynet til barnet sitt beste alltid skal vurderast, og det vil være en sakshandsamingsfeil dersom ei slik vurdering ikkje er gjort. Omsynet til barnet sitt beste er ikkje den einaste faktoren, men ein svært viktig faktor. I vurderinga av kva som er eleven sitt beste, vil eleven si oppfatning vera sentral. Det er likevel ikkje alltid at eleven eller føresette si mening er til det beste for eleven.

Alle barn har rett til å bli høyrd i saker som vedkjem dei. Dette gjeld uavhengig av alder eller føresetnadar. Det må alltid vurderast om eleven er høyrd godt nok i saken eller om ein må høyre eleven sjølv. Utgangspunktet er at barnet skal høyrast direkte, men barnet kan også høyrast gjennom objektive personar, føresette, gjennom brev m.m. Det kan også tenkast at barnet si stemme kjem tydeleg nok fram i anna dokumentasjon. Barnet har ikkje ein plikt til å uttala seg.

¹ [Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa \(opplæringslova\) - Lovdata](#)

§ 5. Ansvar

Elevar, tilsette og foreldre har ansvar for å skapa eit godt skulemiljø. Det betyr at ein må møte kvarandre med toleranse og respekt, og at ein tek avstand frå mobbing, diskriminering, vald og skadeverk.

Som elev har du rett til eit inkluderande fellesskap som fremmar helse, trivsel og læring.

§ 6. Reglar for orden

Alle elevane skal:

- møte presis på skulen og til undervisninga
- ha med seg og ha orden på bøker og utstyr som er naudsynte for undervisninga
- gjera arbeid ein blir pålagd så godt ein kan og til rett tid. Unntak frå denne regelen gjeld berre om eleven har med seg melding frå foreldre/føresette
- følge skulen sine reglar om melding og dokumentasjon ved fråvær
- halda god orden og ta vare på skulebygget, skuleområdet og skulen sine eigedelar

Det betyr at du skal visa god orden ved å:

- halda det reint og ryddig rundt deg på skulen
- møte presis på skulen og til undervisninga
- ha med nødvendig utstyr
- gjere og følgjer gje opp skulearbeidet ditt så godt du kan og til rett tid
- ta vare på eigedomen og utstyret til skulen
- følge ga reglane knytt til bruk av digitalt utstyr

Føresette skal:

- gi beskjed til skulen før skulestart dersom eleven ikkje skal på skulen.
- gi beskjed om anna fråvær dersom det gjeld i skuledagen så snart som mogleg og før fråværet startar.

§ 7. Reglar for åtferd

Som elev har du rett til eit inkluderande fellesskap som fremmar helse, trivsel og læring.

Det betyr at du har rett til:

- at andre elevar og vaksne snakkar fint til deg og om deg
- å bli behandla med respekt
- å få vera med i leik og andre aktivitetar på skulen
- å bli høyrd - å få ha tinga dine i fred
- eit skulemiljø som er reint og ryddig



Som elev har du plikt til å arbeida for eit inkluderande fellesskap som fremmar helse, trivsel og læring.

Det betyr at du skal visa god åtferd ved å:

- snakka fint til andre og om andre
- behandla andre elevar og tilsette med respekt
- la andre elevar få vera med i leik og andre aktivitetar på skulen
- lytta til andre
- retta deg etter beskjedar frå dei tilsette ved skulen
- ikkje forlata skuleområdet utan løyve
- vera på skulen og ta del i undervisninga heile skuledagen
- følgjer beskjedar frå dei vaksne på skulen
- la andre sine ting vera i fred

Vald, truslar, mobbing, rasisme og all form for sjikane, krenking eller trakassering, fysisk, verbalt eller digitalt, er forbode. Det same gjeld tjuveri, skadeverk, farleg leik, fusk, skulk, banning og bruk av grovt språk. Det er ikkje lov å ha med eller nytta rusmiddel, røyk, snus, våpen eller farlege gjenstandar.

Det er heller ikkje lov å vera påverka av rusmiddel.

§ 8. Reglar for bruk av privat mobiltelefon, smartklokkar eller anna liknande elektronisk utstyr

Mobiltelefon og smartklokkar, utstyr som høyrer til mobiltelefon, og anna liknande digitalt utstyr skal vera slått av i skuletida både på barne- og ungdomstrinnet². Det skal vere rom for at elevar med særskilde behov kan få unntak frå denne regelen.³

Dersom ein elev nektar å levere inn mobiltelefon vil det vere å anse som brot på reglar for åtferd, og dermed brot på skulereglane.

Mobiltelefon og smartklokkar, utstyr som høyrer til mobiltelefon, og anna liknande digitalt utstyr kan nyttast i undervisninga når læraren gjev løyve til det ut frå eige skjønn.

Skulane lagar sjølv reglar for bruk og oppbevaring av mobiltelefonar, smartklokkar og anna liknande elektronisk utstyr i skuletida.

Opptak, fotografering og publisering av elevar, tilsette og andre i skuletida er forbode om det ikkje er gjeve spesifikt samtykke til dette som ein del av undervisninga.

Reglar for elevar om bruk av digitalt utstyr, programvare og internett

Det betyr at du skal visa god åtferd ved å:

- berre ta eller dela bilete, film eller lydopptak av andre dersom desse samtykkjer til dette
- få godkjenning frå foreldra før bilete av elevar under 15 år vert publisert på nettet
- følgjer ga reglane knytt til nettvett i Avtalen for elevar om bruk av digitalt utstyr, programvare og internett

² [Anbefalinger om regulering av mobiler og smartklokker i skolen \(1\).pdf](#)

³ [Viktige hensyn ved innføring av regulering | udir.no](#)

§ 9. Vurdering i orden og åtfærd

Ungdomsskuleelevar skal ha egne karakterar både i orden og i åtfærd. Karakterane skal fortelja eleven og foreldra til eleven korleis eleven rettar seg etter skulen sitt ordensreglement. Nedsett karakter i orden og/eller åtfærd skal ikkje nyttast som sanksjon eller straff. Vurderinga skal ta omsyn til dei føresetnadene eleven har. Ugyldig fråvær kan føra til nedsett karakter i orden og/eller åtfærd.

Grunnlaget for vurdering i orden er om eleven opptre i samsvar med § 6 i skulereglane.

Grunnlaget for vurdering i åtfærd er om eleven opptre i samsvar med § 7 i skulereglane.

Ved vurdering i orden og åtfærd gjeld §§ 3-1⁴, 3-2⁵, 3-4⁶, 3-6⁷ og 3-7⁸ i FOR-2006-06-23-724; Forskrift til opplæringslova.

§ 10. Generelt om bruk av tiltak i samband med regelbrot

Brot på skulereglane kan følgjer gast opp med mindre inngripande tiltak eller sanksjonar. Tiltaka må stå i høve til alvorsheden og dei individuelle føresetnadene til eleven. Ved val av reaksjon må skulen ta omsyn til situasjonen rundt hendinga, graden av skuld og om eleven tidlegare har brote skulereglane. Ved mindre alvorlege brot skal skulen helst nytta uformelt tilsnakk, rettleiingssamtalar med eleven eller samtalar med foreldra til eleven. Sanksjonar og andre tiltak bør givast så snart som mogleg etter regelbrotet. Sanksjonar og andre tiltak som grip inn i rettane eller fridommen til eleven, kan berre nyttast som reaksjon på regelbrot dersom dei er omtala i § 11. Kollektiv straff, fysisk straff eller krenkande straff skal ikkje nyttast.

§ 11. Tiltak som kan nyttast som reaksjon ved brot på skulereglane

Følgjande tiltak kan nyttast som reaksjon ved brot på skulereglane:

1. Melding/rettleiing

- a) Eleven får munnleg/skriftleg melding og rettleiing.
- b) Foreldra får munnleg/skriftleg melding.

2. Samtale

- a) Samtale mellom elev og lærar/rektor med vekt på positiv ønska åtfærd.
- b) Samtale mellom elev, foreldre og lærar/rektor med vekt på positiv ønska åtfærd.

3. Moglegheit for eleven til å gjera opp for seg

- a) Eleven får høve til å seia unnskyld.
- b) Eleven får høve til å rydda/ordna skaden/forsøplinga.

4. Inndraging av gjenstandar

- a) Digitale einingar, som til dømes mobiltelefon, smartklokke eller nettbrett kan inndragast for inntil ein skuledag dersom dei vert brukt i strid med reglementet til skulen.
- b) Digitale einingar som utan samtykke er brukte til å fotografera og/eller gjere lydopptak av andre, skal inndragast. Er det mistanke om at fotograferinga

⁴ <https://lovdata.no/forskrift/2006-06-23-724/§3-1>

⁵ <https://lovdata.no/forskrift/2006-06-23-724/§3-2>

⁶ <https://lovdata.no/forskrift/2006-06-23-724/§3-4>

⁷ <https://lovdata.no/forskrift/2006-06-23-724/§3-6>

⁸ <https://lovdata.no/forskrift/2006-06-23-724/§3-7>

og/eller lydopptaket er i strid med straffelova, skal den digitale eininga overleverast til politiet.

- c) Snus, tobakk, alkohol og farlege gjenstandar skal inndragast av skulen og leverast til foreldra.
- d) Ulovlege rusmiddel og våpen skal inndragast og overleverast til politiet.

5. Restriksjonar

Skulen kan avgrensa eleven sin bruk av utstyret til skulen, og/eller avgrensa kor fritt eleven kan bevega seg på skuleområdet.

6. Pålegg om å rette opp skade

Eleven kan bli pålagd å rette opp skade som eleven er skuld i.

7. Pålegg om å vera til stades

- a) Eleven kan bli pålagd å vera til stades på skulen før eller etter skuletid for samtale med kontaktlærer, rektor eller den rektor peikar ut til å gjennomføre samtalen.
- b) Eleven kan bli pålagd å utføre oppgåver før eller etter skuletid for å retta opp skadar som eleven er ansvarleg for.

8. Bortvising

- a) Eleven kan bli vist bort frå undervisninga for enkelttimar eller resten av dagen etter alvorlege eller gjentekne brot på skulereglane, jf. opplæringslova § 13 – 1 første ledd.⁹
- b) Ungdomsskuleelevar kan bli vist bort frå skulen i inntil tre skuledagar etter alvorlege eller gjentekne brot på skulereglane, jf. opplæringslova § 13 – 1 første ledd.¹⁰
- c) Dersom elevar hindrar eller forstyrrar gjennomføringa av eksamen, kan eleven etter å ha blitt åtvare, bli vist bort frå eksamen jf. forskrift til opplæringslova § 3–33.¹¹

Tiltaka i punkta 4–8 vert rekna som sanksjonar. Føresette skal alltid varslast dersom desse tiltak vert sett i verk.

*Tobakksprodukt og alkohol som er inndrege etter denne paragrafen, skal overlatast til foreldre/føresette. Illegale rusmidlar skal overlatast til politiet. Farlege gjenstandar eller våpen skal overlatast til politiet.

**Naudverje gjeld heilt spesielle og akutte situasjonar der det er fare for at eleven kan skada seg sjølv eller andre, og det ikkje kan avverjast på annan rimeleg måte. Det kan då vera naudsynt å stoppa eleven ved å skilja eleven frå resten av gruppa eller ved å plassera eleven i eit eige rom for ein kort periode. Eleven skal ha tilsyn av minst ein vaksen. Når eit slikt tiltak blir sett i verk, skal ein straks melde frå til rektor og eleven sine foreldre/føresette. Rektor må føra årsaka til og opplysningane om tiltaket inn i eleven si elevmappe.

§ 12. Bruk av fysisk makt for å stansa vald, slåstkamp og skadeverk

Tilsette har plikt til å prøva å stansa vald, slåstkamp og skadeverk dersom dette er mogleg. Plikta gjeld ikkje dersom inngripen kan setta den tilsette si eiga helse i fare. Korkje tilsette eller elevar har lov til å bruka fysisk makt, og fysisk maktbruk kan sjåast som ei kroppskrenking etter straffelova §

⁹ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§13-1>

¹⁰ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§13-1>

¹¹ <https://lovdata.no/forskrift/2006-06-23-724/§3-33>

271¹². Bruk av fysisk makt kan likevel vera lovleg dersom det er naudsynt for å hindra at elevar skadar seg sjølv eller andre, eller eigedommen til skulen, eller det elles ligg føre ein situasjon som blir omfatta av reglane om nødverje og nødrett i § 17 og § 18 ¹³i straffelova. Det må likevel ikkje brukast meir fysisk makt enn det som er naudsynt for å hindra eit angrep eller ein skade. Den fysiske makta må ikkje ha karakter av straff mot enkeltelev(ar).

§ 13. Framgangsmåte ved bruk av sanksjonar etter § 11 og § 12

- a) Rektor tek avgjerda om bruk av sanksjonar. Tilsette på skulen tek avgjerder innanfor det myndet rektor har delegert. Avgjerd om bortvising må takast av rektor sjølv, jamfør opplæringslova § 13-1 fjerde ledd¹⁴. Rektor kan delegera mynde til lærar om å ta avgjerd om bortvising frå eiga undervisning for ei opplæringsøkt, avgrensa til to klokketimar, jamfør opplæringslova § 13-1 fjerde ledd¹⁵. Ved bortvising frå eiga undervisning, skal eleven ha tilsyn.
- b) Eleven har alltid rett til å uttala seg til den som tek avgjerda, før det blir bestemt at det skal nyttast sanksjonar, jamfør opplæringslova 10-7 andre ledd¹⁶.
- c) Når det ved alvorlege brot på reglane blir nytta sanksjonar som er nemnde i §11 punkt 8 b og c skal ein følgjer gja sakshandsamingsreglane for einskildvedtak i forvaltningslova. Det er ikkje krav til einskildvedtak når lærar bortviser ein elev frå eiga undervisning som i §11 punkt 8 a.
- d) Bortvising kan berre nyttast når eleven bryt reglementet alvorleg eller fleire gongar. Før bortvising skal ein ha vurdert å nytta andre tiltak, jamfør opplæringslova § 13-1 andre ledd. Ved bortvising ut dagen av elevar på 1.-7. årstrinn skal foreldre/føresette varslast før iverksetjing.

§ 14. Krav til dokumentasjon

Dersom tiltak i § 11 punkt 4 – 8 vert sett i verk mot ein elev, må skulen laga eit skriftleg notat som dokumentasjon. Det må komma fram:

- kven tiltaket er retta mot
- kva tiltak som er sett i verk
- kva ordensregel som er broten
- kva tid det fann stad
- kva tid tiltaket skal gjennomførast
- korleis eleven har forklara seg
- kva foreldra til eleven og/eller andre har uttala

Notatet skal underteiknast av den som har vedteke tiltaket, og arkiverast. Eleven og/eller foreldra til eleven skal utan oppmoding få ein kopi eller gjerast kjend med retten til dokumentinnsyn.

¹² <https://lovdata.no/lov/2005-05-20-28/§271>

¹³ <https://lovdata.no/lov/2005-05-20-28/§17>

¹⁴ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§13-1>

¹⁵ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§13-1>

¹⁶ <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§10-7>

§ 15. Sanksjonar og tiltak som berre kan påleggast av rektor eller fungerande rektor

- a) Sanksjonar som nemnt i § 11 nr. 5 – 8 kan berre påleggast av rektor eller fungerande rektor.

Rektor kan ikkje gi lærarar mynde til å ta avgjerd om bortvising av elev(ar) frå læraren sine eigne undervisningstimar dersom det er meir enn to klokkeimar, jf. opplæringslova § 13-1 fjerde ledd.

- b) Å visa bort ein elev frå skulen er eit enkeltvedtak og skal behandlast etter reglane i forvaltningslova kapittel IV og V, opplæringslova § 13-1 tredje og fjerde ledd og saksbehandlingsreglane i dette skulereglane.

Før det kan gjerast vedtak om bortvising for fleire dagar av ungdomsskuleelevar, skal eleven og/eller foreldra bli varsla om dette, jf. forvaltningslova § 16. For å oppnå tidsmessig nærleik mellom ordensbrotet og bortvisinga, kan hovudregelen om at eit førehandsvarsel skal gjevast skriftleg, avvikast. Av førehandsvarselet skal det komma fram kva sanksjon som vert vurdert, og kva regelbrot saka gjeld. Foreldra sin frist til å uttala seg kan vera kort.

- c) Bortvising frå eksamen er eit enkeltvedtak som skal behandlast etter forvaltningslova kapittel IV og V og forskrift til opplæringslova § 3–33.

§ 16. Nedsett karakter for ungdomsskuleelevar i orden og/eller åtfærd

For at ein ungdomsskuleelev skal gjevast ein annan karakter enn den beste i orden og/eller åtfærd, skal eleven og foreldra varslast i så god tid at eleven har høve til å forbetra karakteren sin, jf. forskrift til opplæringslova § 3–8. Dei siste vekene og dagane av eit skulehalvår kan òg ha innverknad på karaktersettinga. Det kan difor tenkjast tilhøve der brot på skulereglane kjem på eit så seint tidspunkt og/eller er av så alvorleg karakter, at eit slikt førehandsvarsel ikkje gir eleven noko reelt høve til å forbetra karakteren.

§ 17. Erstatningsansvar

Erstatningsplikt følgjer gjer Skadeerstatningslova¹⁷.

§ 18. Straffbare tilhøve

Straffbare tilhøve skal som hovudregel meldast til politiet.

§19. Iverksetjing

Skulereglane gjeld frå 01.08.2024

Ved endring av lovverk knytt opp mot skulereglane, har kommunedirektøren delegert mynde til å oppdatera skulereglane i samsvar med lovendringane.

¹⁷ [Lov om skadeserstatning \(skadeserstatningsloven\) - Lovdata](#)